

# Redd Økoskulen!

Innspel



**RENATE  
LUNDE**  
GRÜNDER  
FRÅ VOSS

Kva skal du bli når du blir stor då? Eg skal bli økologisk bonde og drive med kyr og bier og grønsaker, seier Emil 10 år. Eg og, og eg vil ha griser og, seier Ylva 7 år, griser som går ute. Kvifor vil de det då? Store forundra auge over det rare spørsmålet. Slik at me kan ta vare på jorda vel, og lage sunn mat. Sjølv sagt.

**VEL, DÅ ER DET** jammen bra at Venneforeininga for Sogn Jord og Hagebrukskule no nyleg starta kampanjen Redd Økoskulen! Skulen er den einaste sjansen til å få ei 100% økologisk landbruksutdanning i Noreg, ja altså absolutt den einaste skulen av sitt slag i heile kongeriket. Utruleg nok. Endå meir utruleg er det at den har vore nedleggingstruga i årevis, og at det no verkeleg er alvor og overhengande fare for at Noreg mister akkurat denne eine økoskulen i landet! Kvar skal då Emil og Ylva gå på skule?

**1. OKTOBER** møttes kampvillige engasjerte lærarar, elevar, og lokalfolk i Aurland opp for å vere med på startskotet til kampanjen som har som mål å samle inn så mykje pengar at politikarar vert nøydd til å redde den truga økologiske jordbrukskulen. Dei krev at politikarane tek ansvar. Det gjer dei ikkje i dag. Trass i det statlege målet om 15% økologisk produksjon i landet innan 2020 er den einaste sjansen til fullstendig økologisk utdanning innan matvareproduksjon nedleggingstruga.



**STATEN SEIER** fylkeskommunen må ta rekninga for dei naudsynste utbetringane som skal til for at skulen skal kunne leve vidare, fylkeskommunen seier dei ikkje har råd og meiner Aurland kommune må ta rekninga, og helst i eit spleislag med stat og fylke. Ja, slik kan dei sjølv sagt sitte i årevis og sende ansvarsballen mellom kvarandre, og i mellomtida forfelli skulen endå meir og snart er det ikkje lov å korkje undervise eller bu på skulen som ikkje lenger tilfredsstiller moderne krav. Difor tok tilsette og elevar no tak i saken sjølv, for som dei seier: vi oss ynskjer at borna våre skal vekse opp utan sprøytemiddel i maten, lyt me utdanne økologiske agronomar. So enkelt, men likevel so vanskeleg i verdas rikaste land.

**DEN POSITIVE** kampånda som har vekse fram i Aurland har spreidd seg og viktige institusjonar som Norges Bondelag, Oikos, Utviklingsfondet, Norges Miljø- og biovitenskaplige univesitet og Sogn regionråd

blant anna har oppmoda Sogn og Fjordane fylkeskommune om å sikre vidare drift av skulen. Venneforeininga har stor tru på at dei skal klare å samle inn alle dei millionane som trengs, men treng all drahjelp og pengestonad dei kan få frå både næringssliv og folk flest, og folk kan sjå nettsida deira vennsjh.com for å finne ut korleis me alle kan vere med å bidra til å sikre at vår viktigaste landbrukskule består inn i framtida.

**DENNE KAMPEN** er lokalisert til Aurland og Sogn, men den har også ei meget konkret og aktuell verdi langt utover Vestlandet, og utover våre landegrenser. Kampen heng saman med helse, miljø, fattigdom, etikk, framtidas næringssliv, demokratiprosessar og migrasjonsproblematikk i verda. Og alt dette startar med livet i jorda, med at me kan velje om me vil satse på ei rik jord full av levande mikroorganismar, eller ikkje.

**ME KAN IKKJE LENGER** ignorere

det som norske og internasjonale ekspertar seier om blant anna bruken av sprøytemiddel, antibiotika og antibiotikaresistens i det konvensjonelle landbruket: det er ei tikkande bombe som må takast på alvor no. Dagens matvareproduksjon øydelegg folks helse, skriv blant anna Utviklingsfondet. Me kan heller ikkje ignorere at dagens konvensjonelle landbruk i verda er det motsette av berekraftig, og heng saman med verdas auka miljø- og klimaproblem, og i tillegg fattigdoms- og sveltkrisa mange står midt oppi. Næringsliv og industri vert også stadig oftare pirka i og minna om at me forbrukarar no ser meir nøye etter korleis produksjon føregår i høve økologiske og etiske prinsipp. Økologisk og småskalalandbruk fremjer ikkje berre ei sunn jord, helse og miljø, men også demokratiet. Det fins 3 milliardar småskala produsentar i verda som produserer 70% av verdas mat, og med ein politikk som støttar desse, og som gir desse avgjerdsløft og

makt til å styre eigne ressursar vil ein også leggje til rette for vibrerande samfunn med solide økonomiar og høve til langtidsplanlegging.

**PÅ KALØ** økologiske landbrukskule i Danmark seier dei at økologisk jordbruk femner om alle felt i samfunnet, det same seier dei på dei fire universiteta i EU som saman tilbyr masterutdanning i økologisk jordbruk. Det handlar om å tøre å tenke kva framtid me vil ha, seier styraren på Kalø: Når man arbeider med utdanning av fremtidens bønder, skal man tøre å spå om fremtiden. Det er ikke levering av bulkvarer som blir Danmarks fremtid. Vi skal levere kvalitet, ikke kvantitet, og det kommer til å skje i et virvar av nye eierformer, nye samarbeidsformer, multifunksjonelle landbruk, spesialproduksjonar og så vidare.

**KAMPEN I AURLAND** er ein lokal kamp for å ta vare på ein skule i ei lita bygd, men den er også ein global kamp. Den er eit symbol på det vegskilje me er komne til, eit vegskilje som gir unike høve til å omfamne ei ny retning. Me treng å skifte tenkinga og handlinga i retning av jordbrukspraktisar som tek vare på og styrkar økosistema og naturressursane, og samstundes produserer nok og næringsrik mat. Då kan me ikkje stå og sjå på at den einaste økologiske jordbrukskulen vert lagt ned. Og spør de meg, er det utruleg rart at ikkje den nye jordbrukskulen som skal kome på Voss vil tilby ei mangfaldig og heilskapleg økologisk utdanning, når det er det som er framtida. Der hadde i alle fall Emil og Ylva vorte elevar, men når det ikkje vert tilbod i eigen bygd, har eg tru på at dei kan få utdanninga si i Aurland.

Redd Økoskulen!

## Om private barnehagar

Kvifor har private barnehagar så god råd at me kan ha bedre bemanning enn dei kommunale barnehagane? Og kvifor scorar private barnehagar betre på brukarundersøkingane enn kommunale barnehagar? Desse spørsmåla vart stilt av politikarar på sist levetårsmöte til leiar for avdeling Oppvekst, Else Berit Kyte. Svaret vart slik framstilt i avisa Hordaland, at me som driv private barnehagar føler for å kommentera den skeive framstillinga.

**STORT TRYKK.** Me har ikkje betre råd. Dei siste åra har kommunen hatt spareknivenhardt på strupen, og har sett seg nødt til å skjera ned på bemanninga for å få budsjettet sine godkjent. Å skjera ned på bemanninga, se me i private barnehagar på som siste utveg for sparetakta, då bemanninga har alt å seie for både tryggleik og pedagogisk kvalitet i barnehagen. I sentrum er det stort trykk på barnehageplassar, og langt i frå full barnehagedekning. Med utgangspunkt i dette,

tok kommunen inn 20 ekstra barn i barnehagane i vår, UTAN å auka bemanninga tilsvarende. Private barnehagar kan ikkje ta inn ekstra barn, då me er lovpålagde å halda oss innanfor ei arealnorm per barn i barnehagen. Skal me ta inn ekstra barn utover dette, må me byggja ut. Kommunen har fordelt dei 20 barna på mange av sine barnehagar.

**PENGAR.** Kvar får private barnehagar pengane sine i frå? Ca 18% inntektene våre kjem frå foreldrebetalingar. Resten kjem i form av tilskot frå kommunen. Kommunen tek utgangspunkt i kva ein communal barnehageplass kostar, og reknar ut kva sum me skal få med utgangspunkt i kor mange born me har, og om barnet er over eller under 2 år. Barn under 2 år, gjev ei dobling i tilskudd. Denne tilskudsordninga gjev ei svært skeiv fordeling frå kommune til kommune, og forklarar kvifor andre større private aktørar i barnehagemarkedet kan håva

inn pengar på drift av mange barnehagar. Voss kommune ligg i dag heile 14% under den nasjonale tilskotssatsen, dvs den satsen staten meinar at private barnehagar bør få per barn.

**LAGT NED.** Når Voss Kommune dei siste åra har lagt ned dei fleste av dei små barnehagane sine, og samla barna i store institusjonar som me t.d. finn i Voss Barnehage eller Hagahagen, og med fleire utegrupper, ja så senkar dei utgiftene sine. Derved vert det også mindre pengar i tilskot til dei private barnehagane. Dette har me fått merka dramatisk i 2014. Til dømes har einskildbarnehagar fått ein nedgang på 38 prosent i tilskotet sitt per månad frå hausten 2013, til våren 2014. Attpåtil er systemet slik at me har måttå betala tilbake ein del av det tilskotet me blei tildelt i 2013, då kommunen viste seg å gå med overskot det året. Me lever med andre ord fullstendig utan forutsigbarheit, og fleire av oss er stadig på kanten til nedlegging.

Kun 50% av dei private barnehagane er foreldreeigd!

**GODE TAL.** Else Berit Kyte, leiar for avdeling Oppvekst i Voss kommune, forklarar dei gode tala til private barnehagar på brukarundersøkinga i kommunen, med at dei fleste private barnehagar er foreldreeigd, og dermed har foreldra eit heilt anna eigarforhold til sin barnehage, enn foreldre i kommunale barnehagar. Då vil me fortelja at kun fem av ti private barnehagar på Voss er foreldreeigd! Dette er også leiar for oppvekstkontoret fullstendig klar over. Me oppfordrar difor Else Berit Kyte til å gå litt i dybden på dei punkta der private barnehagar scorar høgre enn kommunale barnehagar, og på den måten få innsikt i kva me faktisk scorar bra på.

**MANGFALD.** Til politikarane i bygda vår: Det er de som bestemmer om Voss også i framtida skal ha private aktørar, både store og små, i barnehagesekturen. Eit mangfold i bygda er

viktig. Foreldra fortjener valgfriheit når det kjem til kva type barnehage dei ynskjer borna deira skal gå i. Lytt til foreldra! Til slutt oppfordrar me Dykk til å stilla spørsmål de måtte ha om private barnehagar, også direkte til oss, og ikkje berre til leiinga i kommunen. Ei sak har alltid to sider...

**RIGMOR ULVUND,  
FOR PRIVATE BARNEHAGAR PÅ VOSS**

## Sett & frett

■ Ser i avisat at det er kjørt med svært høg fart i Strandavegen. Til opplysing, so er denne farten nokså vanleg på strekkja i sentrum på kveldstid mellom lyskrysset og forbi langebrua. Dette til tross for at politiet har kontor like ved. Dei bør gjera noko med dette før det går utover uskuldige. Dei bør i det minste informera sine kollegaer som driv mest med fartskontrollar, melder ein lesar.